

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
075/14	Formannskapet	PS	09.04.2014
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Torleiv Frotjold	FE - 234	14/585

Søknad om tilskot til det kommunale barnevernet

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune søker i samarbeid med Fedje kommune om midlar til å styrkje barnevernet gjennom:

- Ein stilling for tiltaksretta og forebyggjande arbeid inn i famliliar i begge kommunane.
- Midlar til kompetanseheving innan feltet "vold og traumatisk stress".

Formannskapet - 075/14

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

FS - vedtak:

Austrheim kommune søker i samarbeid med Fedje kommune om midlar til å styrkje barnevernet gjennom:

- Ein stilling for tiltaksretta og forebyggjande arbeid inn i famliliar i begge kommunane.
- Midlar til kompetanseheving innan feltet "vold og traumatisk stress".

Saksopplysninger:

I rundskriv Q-2014 informerer Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (Bufdir) om øyremerka midlar i statsbudsjettet for 2014, som skal gå til satsing på - og styrking av det kommunale barnevernet. Gjennom Fylkesmannen er det høve for kommunane til å søkje på desse midlane. Ein føresetnad for å få ein eventuell søknad handsama, er at kommunestyret har godkjent at ein søker.

Vi vart obs på dette litt for seint til å kunne handsame det i kommunestyret før søknadsfristen går ut. Vi har likevel sendt søknad, med melding om at det vert hansama politisk i etterkant.

I Q-2014 vert det peikt på at dersom det er eit interkommunalt samarbeid om barneverntenestene, skal vertskommunen søkje på vegner av dei kommunane som inngår i eit slikt samarbeid. Fedje kommune kjøper barneverntenster hjå Austrheim barnevern. Difor er det naturleg at Austrheim og Fedje kommunar søkjer i lag, og at Austrheim står som vertskommune.

Vurdering

Ein har lenge snakka om at barnevernet i Austrheim og Fedje kvart år kjøper konsulenttenester for store beløp. Dette går i hovudsak til tiltaksretta arbeid i heimar som har behov for det. Dersom ein gjennom denne tilskotsordninga kan få ein stilling til føremålet, vil ein kunne erstatte mykje av dei konsulenttenestene ein kjøper i dag.

Vidare ser vi at det er behov for meir kompetanse innafor feltet vold og traumatisk stress. Det er ønskjeleg å søkje økonomisk støtte til slik kompetanseheving også.

Konklusjon

Denne tilskotsordninga gir oss håp om å skaffe kommunen tiltrengte ressursar innan barnevernet. Det vil såleis vere fornuftig at

Austrheim kommune, i samarbeid med Fedje kommune, søkjer om midlar til å styrkje barnevernet gjennom:

- Ein stilling for tiltaksretta og forebyggjande arbeid inn i familiar i begge kommunane.
- Midlar til kompetanseheving innan feltet "vold og traumatisk stress".